Stiftelsen norsk Okkupasjonshistorie, 2014

108 841

# Nansen-hjelpa i Ukraina 1922

Brev frå Vidkun Quisling til Fridtjof Nansen, 22.4.1922:
Trengst snarest hjelp. Matmangel har forverra seg mykje dei
siste vekene. 5 mill. held på å svelte ihel. Her døyr 10 000
kvar dag. Kannibalisme og lik-eting breier seg.
Brevet er funne i Statsarkivet i Kiev – eitt av mange
dokument som vart frigjevne etter at Sovjet-Samveldet gjekk
i oppløysing. Byen Harkov nemnd som dåv. hovudstad i
Ukraina. Vidkun Quisling leia arbeidet ved Nansen-kontoret
I folder etter folder ligg der brev, telegram og om det
dagleg arbeid.
Quisling var Nansen sin forlenga arm i den verste kata-
strofe som har råka Europa sidan Svartedauden. Det svalt
millionar i Russland på grunn av tørke og bolsjevikane
konfiskerte av kornet på landsbygdene. Truleg miste 6 mill.
livet av svolt. Regjeringane i Vest-Europa ville ikkje
ut frå det syn at det ville komme bolsjevikane til gode
Heller i Folkeforbundet ville hjelp. Nansen møtte då
vende seg til folkeopinionen, og her vann forståing. Det
vart ei hjelp frå folk til folk.
Antonie Vork lever og fortel kor fælt det var, og alle
hadde dei døydd om dei ikkje hadde fått hjelp. Ho var 12 år,
Året før miste ho faren. Og i 1922 miste ho mora og 5
sysken som svolten tok livet av. Dei prøvde leve på lin,
turr bork og gras. Berre ho og ei syster var so vidt i
live då hjelpa kom. Ho kjende til eit tilfelle. Foreldre
åt dotter si. Dei vart sinnssjuke. Ho hugsa dørene til
alle hus stod opne, og der låg fullt av lik.
Ho hugsa og då Nansen sjølv kom i jan. 1923 og vart
motteken som ein folkehelt i Harkov.
Inspirert av Nansen si ånd til å hjelpe, valde ho å
verte sjukepleier. Då krigen kom vart mannen soldat.
Ho kom seg undan til Sibir. Ho var sjukepleier i 40 år.

Ikkje skrivet her, innlag meir å interesse!

Stiftelsen norsk Okkupasjonshistorie, 2014

~~108841~~

Ho har mist mannen og alle sine barn. Lever no
spartansk på ein aldersheim. Er blind, men hugser alt.
I slutten av 1922 hadde matsituasjonen betra seg. Og
styresmakten var imot hjelp utanfrå.
Då Nansen fekk Fredsprisen i 1922, fekk han og ein
pengesum på 120 000 kr.. Og samtidig fekk han ein liknande
sum av ein danske.
Nansen ville då nytte mykje av desse pengane til meir varig
hjelp. Der var mykje god jord som måtte nyttast betre.
Han fekk kontrakt på 50 km² kilometer i Sør-Ukraina
i 1923. Det vart eit stor-kollektiv i landsbyen Mekai.
lokka, med 3000 innbuarar knytte til dette statsbruket som
fekk namnet "Kamerat prof. Fridtjof Nansens Kylling fabrikk"
(Men Stalin likte ikkje namnet og laga eit anna Progressiv)-
Men der var og andre husdyr. Dei fekk store maskiner. Dyrka rug,
solsikke og gras. Såmaskina brukte 20 min. frå ende til annan av
åkeren. Nansen kom aldri til dette bruket, men Quisling var der
til midten av 1920-åra.
Nansen fekk og oppretta eit storbruk i Volga-området.
Nansen hadde tru på kollektivbruk, men var mot at dei skulle
kome under byråkratisk styring.
Det var fyrst ei 5-års-kontrakt. Men då var drifta so godt
i gang at det gjekk bra vidare. Svoltkatastrofen i 1932
eller i Ukraina merka dei lite til her. Og det gjekk godt til
då krigen kom og tyskerane tok frå dei maskiner. Det gjekk
også bra etter krigen til siste halvdel av 1940-åra. Sidan
har det vore vanskar. Og no etter omlegging til marknads-
økonomi er det drivstoffet som dei må kjøpe og er dyrt i høve
til det dei får for det dei skal selje.
Før var det gigantomanien som rådde. No har me tru på
utstyr til å foredle våre eigne produkt." seier dei der no.

Dette er utdrag av P2-progr. no 15.5.95

Ved Åslaug Undheim.